

# Leirreglar

## **Føresette må opplyse om deltakaren:**

1. Har allergiar/sjukdom/særskilde behov det må takast omsyn til.
2. Brukar medisin. Medisinar skal i enkelte høve oppbevarast innelåst av leirsjef.

Leiarane på leir har teieplikt om personlege forhold dei får kjennskap til i eigenskap av å vere leiar.

## **Under leiren:**

3. Alle skal vere greie med alle! Alle skikkar seg etter vanleg, god folkeskikk.☺
4. Alle møter presis til samlingar og måltid.
5. Bruk av mobil, nettbrett eller liknande er ikkje lov under leiren.
6. Alle går på romma og legg seg til dei tidene leirsjefen fastset. Då skal det vere ro.
7. Det er ikkje lov å gå utanfor leirområdet utan etter avtale med leirsjefen.
8. Foreldre/føresette skal under heile leirdagen vere tilgjengeleg på telefon, og skal kunne hente deltakaren i tilfelle dette vert naudsynt (ved heimlengsel, sjukdom, regelbrot e.l.).